

Styremøte 02.05.16

Desse møtte: Olav Strømsnes, Gunnar Dalseth, Lars Sæverhagen, Kaia Guldbrandsen, Kenneth Vikane, Marit Huus, Una Eiken

Meldt forfall: Sigmund Eiken

Sak 2016/28 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak2016/29 Godkjenning av referat frå styremøte 27.mars .

Må få inn rutinar for distribusjon av dette. Kaia orienterte om innkjøp til kjøkkenet, og her er alt i rute.

Sak 2016/30 Evaluering av bygdedugnaden.

Over 90 personar stilte, strålande!! Hellerissingane er framleis tildekka, og no kjem det etter kvart turistar og vil sjå feltet. Me tar kontakt med universitetet/fylkeskommunen og spør om dei fjernar tildekkinga eller me tar det på dugnad. Elles gjekk alt som planlagt.

Sak 2016/31 Planlegging og klargjering for sommaren

17.mai er i rute.

Det må lagast vaktliste for vatning av blomar og og tømning av bos. Det må også organiserast med planting. Prøver å få til samarbeid med butikken om Kanoutleige i år og. Må laga plakat om dette. 50 kr/t eller 300kr/døgeret. Prøva å finna nokon som vil administrera drift av krambua.

Sak 2016/32 Invitasjon til innspel frå folk i bygda – drøfting av opplegg.

Idemyldringsark i kafekroken på butikken. Flyttast ut i bygda på på helgedagar der det er mange tilreisande.

Sak 2016/33 Status for å engasjera rekneskapsbyrå

Foreløpig ikkje napp hjå nokon av dei spurde. Me jobbar vidare med saka.

Sak 2016/34 Ymse

Det er sendt søknad på kulturmidar til kommunen. Herand bygdelag med kjøkenprosjektet er innstilt som nr 1 frå Jondal kommune på tippemidlane. Kjøkenet i kulturhuset må marknadsførast og det må lagast eit konsept rundt dette. Dette er noko næringsgruppa bør arbeida vidare med. Innvitera kommunestyret til å ha siste møtet sitt før ferien her.

Haustrmarknad 8.10.2016 - Konsept , dette jobbar tilstillingsgruppa med.

Bordtennisbord; Herand bygdelag har fått eit utandørs bordtennisbord , dette blir plassert i nærleiken av ballbingen. Bygdelaget kjøper inn rackerter og ballar så ser me korleis det går.

Sammarbeid med Jondal bygdelag; Herand tek invitasjon til eit felles møte.

Neste styremøte er 31.05 kl 19.00